



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Sigrun Wølstad

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1235 - 18/30607

Saksbehandlar:

Frøydis Ones

Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:

05.10.2018

Alversund områdeplan, del av gnr 137 og 138, planid. 1263-200902 - korrigerede plandokument i samsvar med konklusjonar i dialog

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune av 28.05.2018 der det vert varsla motsegn til områdeplan for Alversund, planid 1263-200902. I tillegg viser vi til gjennomført drøftingsmøte den 11. juni, og godkjent referat frå dette møtet. Vidare viser vi til brev frå Riksantikvaren av 13. juli der det vert gitt løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

Lindås kommune og Hordaland fylkeskommune har dei siste månadene hatt tett dialog for å vurdere tidspunkt for oppstart av arbeidet med ny skule i Alversund. Hordaland fylkeskommune er kjent med at vilkåret i Riksantikvaren sitt løyve i brev av 13. juli fører til at starttidspunktet for arbeidet med ny skule er heilt avhengig av m.a. tidspunkt for arkeologisk utgraving. Med bakgrunn i dialogen vår, sender Lindås kommune oppdatert og endra plankart, føresegnar og planomtale som ivaretek dei omsyna dialogen har handla om. I hovudsak inneber endringane i planframlegget at arbeidet med skulen kan starta opp før dei arkeologiske utgravingane vert gjennomført, og før lemstova vert flytta. Samstundes er det innarbeidd føringar i føresegna som sikrar omsynet til dei nemnde kulturminna.

Alversund områdeplan er førebudd lagt til andre gongs handsaming i plan- og miljøutvalet den 17. oktober i år. Lindås kommune ber om at søknaden om frigjeving av kulturminne vert handsama snarast mogleg frå dags dato.

Plankartet er ikkje heilt ferdigstilt, det vert arbeidd med vegtekniske forhold på fv 565 som vert lagt inn i kartet før andre gongs handsaming. Dette vil ikkje ha konsekvensar for kulturminna, eller arealføremålet opp til dei.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Frøydis Ones
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Alversund føresegner rev. 05.10.2018 til PMU 17.10.2018

Alversund planskildring rev 05.10.2018 til PMU 17.10.2018

Plankart_Alvers_omrpl_2gangs

Kopi til:

Hogne Haugsdal
Line Merete Valle
Sigrun Wølstad
Terje Villanger

Mottakarar:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN